



Ålfotbreen
verneområdestyre

Møteinnkalling

Utval: Ålfotbreen verneområdestyre
Møtestad: Vingen
Dato: 27.05.2024
Tidspunkt: 10:00

Eventuelt forfall må meldast snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Møtet vert kombinert med synfaring og omvisning i Vingen helleristningsfelt og landskapsvernområde.

Oppmøte på Fugleskjærkaia i Florø kl 10.00 for dei som vil møte der.

Dei som vil møte i Leirgulen vert plukka opp der om lag kl 11.00 (ver gjerne klar 10.45).

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 8/24	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 9/24	Signering av protokoll frå førre møte		
RS 2/24	Ålfotbreen verneområdestyre - orienteringssaker styremøte 2/2024		2019/10793
RS 3/24	Ålfotbreen verneområdestyre - status på tiltak - styremøte 2-2024		2019/4056
RS 4/24	Ålfotbreen verneområdestyre - behov for reperasjon av bru ved Skarvevatnet		2021/9851
ST 10/24	Ålfotbreen verneområdestyre - delegeringsreglement (utsett sak)		2019/2582
ST 11/24	Ålfotbreen verneområdestyre - Godkjenning og signering av møteprotokollar		2019/2582
ST 12/24	Eventuelt		

ST 8/24 Godkjenning av innkalling og sakliste
ST 9/24 Signering av protokoll frå førre møte



Arkivsaksnr: 2019/10793-0
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik
Dato: 21.05.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	2/24	27.05.2024

Ålfotbreen verneområdestyre - orienteringssaker styremøte 2/2024

Innstilling frå forvaltar

Styret tek orienteringssakene til vitande

Saksopplysningar

- **Oppstartsamling i Sogndal i april**
Vi hadde oppstartsamling for dei nye styra i starten av april i Sogndal, med godt oppmøte mellom anna frå Ålfotbreen verneområdestyre. Vi som arrangerte var godt nøgde med samlinga og vi har fått gode tilbakemeldingar på programmet og arrangementet. Og best av alt, ingen pandemiutbrot denne gongen!
- **Økonomi**
Verneområdestyret er tildelt 120.000 til drift i 2024. Til no er det brukt om lag 30.800 av midlane, og det er knytt til oppstartsamlinga.
- **Naturskade i Grøndalen**
I løpet av vinteren har det vore fleire tilfelle av flaum og ras i Grøndalen, som har flytta på ein del lausmassar. Forvaltar har ikkje sett på det sjølv, men fått melding frå andre om at det er skade på den nye parkeringsplassen i Grøndalen. Det skal og vere flytta mykje masse rundt Grøndalsstøylen, men det er enno uklart kor mykje det påverkar stien og brua der inne. Forvaltar og SNO følgjer dette opp.



- **Sikringshytte ved Gjeugnabu**

I fjor vart det gjeve løyve til oppføring av sikringshytte ved Gjeugnabu. Flora turlag har ein plan om å få ferdig denne jobben i løpet av året. Dei startar snart på arbeidet med å bygge hytta som byggesett, som seinare kan transporterast opp til Gjeugnabu i seksjonar.

Det vil då komme ein søknad om helikopterlandingar, som truleg kan handsamast administrativt dersom delegeringsreglementet ikkje vert mykje endra.



Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	3/24	27.05.2024

Ålfotbreen verneområdestyre - status på tiltak - styremøte 2-2024

Innstilling frå forvaltar

Styret tek orienteringa til vitande

Saksopplysningar

Bakgrunn

Ålfotbreen verneområdestyre har fått tildelt 200.000 i tiltaksmidlar og 50.000 i driftsstøtte for 2024. I styremøte 1/2024 vart tiltaksmidlane fordelt slik:

Pri.	Navn	Søkt om	Fordelt	Kommentar
1	Turskilt	5 000		Driftsmidlar
2	Rydde og merke sti Grøndalen - Svartedalen	30 000	30 000	
3	Tilsyn med brua ved Skarvevatnet	6 000		Driftsmidlar
4	Sti til Blåbrebu	100 000	100 000	
5	Rydde og remerke stiar i Grøndalen	20 000	20 000	
6	Informasjonsskilt	100 000	50 000	
	Sum	261 000	200 000	



Status på ulike tiltak

- Flora turlag jobbar med å hyre inn ei gruppe ungdomar som vil ta på seg jobben med rydding og merking av stiar i Grøndalen og omegn.
- Forvaltar og naturoppsyn har ein grei plan for utbetring av brua ved Grøndalstøylen på ruta frå Grøndalen til Blåbrebu. Vi har landingsløyve frå Kinn kommune for perioden juni, juli og august 2024. Vi har ei grei oversikt over kva vi treng av material og utstyr. Vi har og avtale om lån/leige av hytta på Grøndalstøylen.
- Parkeringsplass i Grøndalen
Denne jobben vart utført i fjor, men vi fekk nokre krav knytt til trafikktryggleik. Dette gjeld avgrensing av avkøyrsløp. Her har vi gjort ein avtale med Gravdal Skog og Hageservice som har bygd parkeringsplassen, og betalt denne jobben med fjorårets midlar. Eg trur ikkje jobben har blitt utført enno.
- Det har dukk opp to tiltak til som vi må gjere noko med:
 - Reparere bru ved Skarvevatnet, sjå eiga orienteringssak
 - Reparere naturskade på parkeringsplassen i Grøndalen. Den vesle elva som kjem ned ved sidan av parkeringsplassen tok nye løp under ein flaum i vinter og tok med seg ein del masse.
Vi må få oversikt over omfanget og kanskje få reparert dette i samband med jobben som Gravdal S&H skal gjere.
- Det har ikkje blitt gjort noko konkret med informasjonsskilt. Kanskje treng vi desse midlane til dei tiltaka som har dukka opp.

Forbruk

Det er ikkje betalt ut tiltaksmidlar enno.



Arkivsaksnr: 2021/9851-0
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik
Dato: 21.05.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	4/24	27.05.2024

Ålfotbreen verneområdestyre - behov for reoperasjon av bru ved Skarvevatnet

Innstilling frå forvaltar

Styret tek orienteringa til vitande.

Saksopplysningar

Bakgrunn

I juni 2021 vart det sett opp ei bru ved utløpet frå Skarvevatnet rett ved Gullsmedhytta som ligg rett utanfor Ålfotbreen LVO i fjellet ovanfor Mettenes. Det vart sett opp ei bru som var eit slags byggesett, konstruert av eit forma i Molde.

Brua var då eit ganske nytt konsept og vi er blant dei første til å ta denne i bruk. Konstruktøren var sjølv med å monterte brua og har brukt denne brua som sitt fremste referanseprosjekt.

Denne brua har fungert godt og tolte dei 2 første vintrane veldig bra. Vi har hatt god hjelp av grunneigar Martin Mettenes som har tilsyn med brua. Martin legg på dekke på brua om våren og tek det av att om hausten.



Skade

I løpet av siste vinter har brua fått seg ein knekk. Nokre av delane i konstruksjonen har gitt etter og blitt bøygde. Vi veit ikkje sikkert korleis og kvifor, men vi har ein hypotese om kva som kan ha skjedd. Brua står, og det aller meste av brua er intakt, men konstruksjonen er svekka og må reparerast.





Plan for reoperasjon

Vi må naturlegvis reparere brua. Eg har vore i kontakt med konstruktøren som no er pensjonert frå firmaet som leverte den sist, men som har tatt med seg patentet over i eit eige selskap. Det skal gå greitt å få tak i dei naudsynte reservedelane.

Vi må tinge eit helikopterløft eller to opp til Skarvevatnet, og søke Gloppen kommune om løyve til landing. Vi er i dialog med både konstruktøren og grunneigar, kanskje får vi begge dei med på jobben. I tillegg stiller forvaltar, Rune og Sverre Sæten (innleigd til SNO). Då er vi same gjengen som monterte brua.



Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	10/24	27.05.2024

Ålfotbreen verneområdestyre - delegeringsreglement (utsett sak)

Innstilling frå forvaltar

Forvaltar har ikkje innstilling i saka

Saksopplysningar

Saka vart utsett på styremøte 1/2024 og vert derfor teken opp att no.

Styret har høve til å delegerer mynde til forvaltar i enkelte saker. Dette står omtala i vedtektene til styret:

Styret kan gje forvaltar mynde til å gjere vedtak i saker av kurant karakter. Med kurant karakter er meint følgjande:

Saker etter dei spesifiserte dispensasjonsføresegnene i verneforskrifta om ferdsle og motorferdsle.

Saker etter andre spesifiserte dispensasjonsføresegner i verneforskrifta og etter naturmangfaldlova § 48 der:

a) Det dreier seg om fornying av dispensasjon gjeve av styret eller arbeidsutvalet, og føresetnadene er tilnærma uendra.

b) Det føreligg etablert forvaltningspraksis fra saker handsama av styret/AU i tilsvarande sak.

c) Forvaltningsplanen gjev eintydige føringar for utfallet.



Ved tvil skal forvalter drøfte saka med styreleiar. Det skal kome fram av saksutgreiinga dersom forvaltaren treffer delegert vedtak i saka. Alle delegerte vedtak skal refererast for styret.

Delegeringsvedtaket som har vore gjeldande til no er slik:

Ålfotbreen verneområdestyre delegerer vedtaksmynde til forvaltaren i kurante saker som omhandlar ferdsel, og som ikkje kan vente på ordinær handsaming i styret. Delegering gjeld eittårige løyver som har heimel i verneforskrift for Ålfotbreen landskapsvernområde. Løyve som vert gjeve skal rapporterast til styret som orienteringssak på neste styremøte, og så snart som mogleg sendast via e-post til styret.

Ålfotbreen verneområdestyre delegerer vedtaksmynde til forvaltaren i saker etter naturmangfaldslova § 48 dersom saken vurderast som kurant og at saka ikkje er nødvendig å førehavast styret. Ved tvil kontaktar forvaltaren styreleiaren.

Delegeringsvedtaket i den førre perioden er som de ser litt annleis formulert enn det som står i vedtektene.

Erfaringane med å delegerer mynde er, i alle fall frå forvaltar sin ståstad, gode. Det kan gå fleire månader mellom styremøta og nokre av sakene som kjem inn er «hastesaker». Særleg gjeld dette motorferdsel. Med delegert mynde kan vi då likevel ta unna ein del enkle saker ganske raskt og effektivt, og vi gjer forvaltninga smidig.

Handsaming i møte:

Styret må vurdere:

- om det skal delegerast vedtaksmynde
- kva type saker det i so fall skal gjelde
- vilkår for delegerte vedtak



Arkivsaksnr: 2019/2582-0
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik
Dato: 21.05.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	11/24	27.05.2024

Ålfotbreen verneområdestyre - Godkjenning og signering av møteprotokollar

Innstilling frå forvaltar

Ålfotbreen verneområdestyre tek i bruk elektronisk signering. I tråd med vedtektene skal protokoll frå kvar møte godkjennast og signerast av styreleiar og eitt styremedlem som vert valt på kvart møte.

Styret vel eitt styremedlem som skal godkjenne og signere protokoll frå dette møtet, saman med styreleiar.

Saksopplysningar

Protokollen frå styremøta skal godkjennast og signerast. Ålfotbreen verneområdestyre har heile tida sidan opprettinga i 2011 hatt som praksis at protokoll først vert godkjent av styret på e-post og deretter signert av heile styret på neste styremøte.

I vedtektene til styret står derimot dette:

«Det føres protokoll fra møtene. Protokollen underskrives av styreleder og ett medlem som velges ved møtets begynnelse. Eventuelle protokolltilførsler må fremsettes i møtet.»



Vurdering

Praksisen i Ålfotbreen verneområdestyre skil seg noko frå det som står i vedtektene, og er noko meir tungvindt enn det som er naudsynt. Vi har og i dag fleire gode løysingar for elektronisk signering av dokument. Sakshandsamarsystemet vårt har funksjon for dette og i tillegg har Posten signeringsløysing som alle kan bruke (mot eit lite gebyr).

Det er meir moderne, effektivt og betre tilrettelagt for arkivering om vi nyttar elektronisk signering. Vi sparar og utskrift av dokument og treng ikkje hugse på å skrive ut og ta med protokoll frå førre møte.

ST 12/24 Eventuelt